

# 2010

## Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtatt F-sak 07/2011

Sirdal sokneråd 23. februar 2011

# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemd

### **Samansetning fram til valet**

Reidun Sirnes – leiar, Inger Johanne Ousdal – nestleiar, Solveig Haugdom Johannes Hompland, Svein Hompland og Kenneth Omlie.

Egil Netland - kommunal representant, Sigurd Flydal - geistleg representant

Stein Bergsåker – 1. vara, Velaug Ådneram – 2. vara

### **Saker**

Soknerådet har i 2010 hatt 7 møte og behandla 48 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret, Kvævemoen kapell og Tonstadli. 31 saker har vore soknerådssaker og 17 har vore fellesrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med året som har gått har vore førebuing av handikaptilgong til kyrkjene og tema knytt til arbeidet i soknerådet. I juni var rådet på synfaring i kyrkjene og på slutten av året blei det sett i gong arbeid med å førebu kyrkjevalet 2011.

### **Kyrkjeleg administrasjonsutval**

Reidun Sirnes

Johannes Hompland

Inger Johanne Ousdal

Per Sverre Kvinlaug, arbeidstakarrepresentant (KFO)

Hanne Fodstad, arbeidstakarrepresentant (MFO)

### **Forhandlingsutval:**

Reidun Sirnes

Johannes Hompland

Inger Johanne Ousdal

Per Øistein Rogstad (dagleg leiar)

### **Gudstenesteutval**

Arnchild Bjørndal

Anne Turid Solberg Garnica

Inger Johanne Ousdal

Gunnlaug Seland

Johannes Hompland

Siv Olaus Lindeland Tonstad

Hanne Fodstad

Sigurd Flydal

### **Undervisnings- og konfirmantutval**

Kenneth Omlie

Ester Tjørhom

Jørgen Tjørhom

Laila Øksendal

Per Sverre Kvinlaug

### **Diakoniutval**

Tone Marit Bjørnstad

Kent Seland

Solveig Haugdom

Velaug Ådneram

Karen Kristine Sinnes

Asta Lunde

### **KN- komité**

Sven-Egil Testad

Per Øistein Rogstad

Per Sverre Kvinlaug

### **Syskenringen(repr. frå kyrkjelyden)**

Inger Johanne Ousdal

Sigurd Flydal

## B. Tilsette

Ester Tjørhom

Karl Edvald Fjeldsaa

Gunn Siri Ousdal

Tone Marit Bjørnstad

Arne Skregeli

Rona Beth Dacara

Hanne Fodstad

Per Sverre Kvinlaug

Per Øistein Rogstad

Kristin Liland

Kyrkjetenar i Kvævemoen kapell

Kyrkjetenar/reinhaldar i Lunde kyrkje

Reinhaldar i Lunde kyrkje (frå 01.06.2010)

Kyrkjetenar

Kyrkjetenar i Haugdom kapell

Reinhaldar i Haugdom kapell (frå 01.08.2010)

Organist (100%, arbeidsstad alle kyrkjer)

Kyrkjelydsarbeidar (20%)

dagleg leiar for fellesrådet

Reinhaldar på Kyrkjesenteret

## 2. Statistikk for kyrkjelydsarbeidet

Statistikk

2008

2009

2010

Gudstenester o.l

79

73

72

Deltakarar	5656	5445	5307
Snitt pr gudsteneste	71,6	74,6	73,7
Dåp	16	22	26
Konfirmantar	16	18	21
Vigslar	7	4	10
Gravferdar	21	11	24

### 3. Rekneskap

	2008	2009	2010
Driftstilskot, kommune	2280000	2394000	2478000
Tilskot andre driftstiltak	200000	400000	400000
Tilskot frå staten	43000	27406	0
Årets overskott/underskot:	94611	- 85650	81509
<b>Diposisjonsfond</b>			
Rest konto Øvre Sirdal	35098	35098	35098
Rest konto Tonstad	26816	26816	26816
Avsett til salmebøker	30000	30000	30000
Avsetting til benkeputer i Lunde og andre tiltak	75000		
Handikapinngang, kyrkjene	13045		
Ubundne kapitalfond	21817		
Disposisjonsfond pr 31.12:	352330	362614	362614
Sum disposisjonsfond	554106	454529	454529
Ofringar til andre organisasjonar	1627491	146656	168723
Innsamling til Fasteaksjonen	49820	42888	43538
Offer til kyrkjelydsarbeidet	26270	23119	28786
Kollekter ved konsertar	21553	20595	18559
Ofringar ved gravferd	25890	14734	72910

### 4. Verksemda – administrasjon, bygg og anlegg

#### A. Kyrkjene

Mål for 2010:

- Handikaptilgang til Haughom kapell
- Handikaptoalett og oppgradering av Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje.

Det største løftet i 2010 var ny handikaptilgang ved Haughom kapell. Det er tilrettelagt med ei rampe til ein ny inngang på sørsida av kapellet. Arbeidet blei utført av Sirdal Handlaft. Sjølve døra er laga av snekkerverkstad på Kollungtveit. Tom Johansen har vaska mellom anna Lunde kyrkje utvendig og måla rekkverka både på Tonstad, Lunde og Haughom.

Til handikaptilgang ved Kvævemoen kapell har ein fått tilsegn om rentekompensasjonsmidlar i 2011, og planane ventast godkjend av Agder og Telemark bispedømmeråd i løpet av vinteren.

Planane om handikaptoalett ved Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje blei utsett enno ein gong på grunn av manglande finansiering. Dette vil ein kome tilbake til ved handsaminga av rekneskapen for 2010, og sjå om ein kan finansiere det med eigne fondsmidlar og tilskot frå kommunen. Planane ved Kyrkjestova inneheld også utviding av møterommet slik at det kan nyttast meir til kyrkjekaffi og konfirmantundervisning og andre møte.

I Tonstad kyrkje kom det på plass lysglobe og ein bønneskammel ved handikapinngangen i 2010.

#### B. Kyrkjegardane

Mål :

- Legge til rette for at kyrkjegardane er gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vårt ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Kyrkjegardane er stadig i utvikling. Tilrettelegginga for kompostering av planteavfall, kan stadig forbetrast. Det fungerer best der det er kort avstand mellom kompost og anna søppelhandtering. I 2010 blei det kjøpt inn nokre nye kompostdunkar for å legge betre til rette for dei som stelle graver.

## Gravstell

Asvo har ansvar for stell av gravene ved Skeihaugen og Haughom kyrkjegard. Mai Bente Bjordal steller gravene ved Lunde kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen kyrkjegard. For tida har vi avtaler om stell av 16 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og 2 på Haughom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på at det blir betalt inn ein sum som står disponibel for gravstell. Frå 2003 fekk vi fleire som ønskte å betale inn gravstellet år for år.

## C. Kyrkjesenteret

Husvære i 2. etasje er for tida utleigd til Tom Johansen. 1 etasje brukast til kyrkjekontor, mens i kjellaren er det for tida ikkje noko verksemd. Johansen tok ansvar for å male den yttarste gongen innvendig i haust.

## D. Arbeidsgjevaransvar

Rona Beth Dacara overtok som reinhaldar ved Haughom kapell. Arne Skregeli er framleis kyrkjetenar ved kapellet. Gunn Siri Ousdal har overtatt som reinhaldar ved Lunde kyrkje etter Målfrid Kvæven. Ester Tjørhom har inntil vidare vore viljug til å ta hand om reinhaldet i Kvævemoen kapell i stillinga si som kyrkjetenar. Det er vi takksame for. Per Sverre Kvinlaug er for tida varaordførar i Kvinesdal. Frå 1. august har han hatt permisjon frå stillinga si for å arbeide i Sanden Media. Framleis har han 20 % stilling med ansvar for ungdomskor og m.a Barnas Dag. Anne Grethe Josdal arbeidde 20 % i vår og auka til 30 % stilling i haust som vikar. Det blei også lyst eit vikariat på 50 % utan respons.

# 5. Verksemda - kyrkjelyd

## A. Gudstenesteliv

*Mål 2009-2010:*

- *At gudstenestene kan involvere og engasjer nye grupper i kyrkjelyden.*

Soknerådet har oppnemnd eit særskilt gudstenesteutval som arbeidar for å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2009vore arrangert mellom anna:

Årsfest Tonstad bedehus 14. mars

Friluftsgudsteneste på Kvinen Olsok 1. august, på langfredag blei det ikkje noko i år på grunn av dårleg vær

Friluftsgudsteneste på Virak 13. mai. og på Heimrestøl på Homplandsheia 8. august.

Fellesgudsteneste med Valle og Bykle på Roskrep kraftstasjon 22. august

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkene. Det har vore vekslande frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod. 13. juni var det tur på Øksendal etter gudstenesta i Haughom kapell.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Laurits Bauge var årets påskeprest med base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for andakten i Ålsheia på skjærtorsdag og gudsteneste i Øvre Sirdal. Familiesamlinga på Sirdal Fjellmuseum på påskeaftan har blitt eit populært tilbod for mange turistar, nærmare 100 var til stades i år. Også andakten på Josdal er godt innarbeid. Tore Haughom er ein trufast andakthaldar på Rubestøl og Marestøl på Øksendalsheia.

To spennande prosjekt i 2010 var myldregudsteneste for dei minste i Tonstad kyrkje i mars og Barnas dag i Kulturhuset 14. november. Det var andre gong vi hadde desse arrangementa. Særleg Barnas Dag samlar mange mennesker. Denne gong hadde ein invitert barnekor frå nabobygdane til eit stort kortreff.

## B. Kyrkjemusikk

*Mål 2007-2010:*

- *At vi framleis prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Hanne Fodstad gjer ein flott jobb i korarbeidet. Medlemstallet i Sirdal Blandakor held seg rundt 25. Tonstad barnekor samla 11 songarar i vår, mens i haust var medlemstallet på 10. Hanne Fodstad er også dirigent for Cantarellene i vår start dei opp med 6 jenter, etter kvart har det vore fire jenter som har vore med. No øver dei saman med barnekoret. I Øvre Sirdal går samarbeidet mellom Barnekoret Sing Bell og sundagsskulen vidare. Det har blitt mindre kor, men meir eit viktig barnearbeid i Øvre Sirdal.

Cantarellene var med på konserten Den hemmelige hagen i juni og under Sirdalsdagene i september i lag med Sirdal Blandakor. Jentene hadde også ein kortur til Stavanger i haust. Under Barnas dag i Kulturhuset i november deltok både Cantarellene og Tonstad barnekor i lag med kor frå Sira, Gyland, Feda, Kvinesdal og Fjotland.

Per Sverre Kvinlaug samlar framleis ein flokk i ungdomskoret. Koret har for tida om lag ca 10 medlemmar.

Koret hadde eit spennande konsertprosjekt i saman med Kefas ungdomskor i Kvinesdal. 6. og 7. november hadde dei konsertar i Tonstad og Kvinesdal kyrkjer i lag med gruppa SalmeKlang.

Det blei arrangert ein rekke ulike konsertar og song og musikkveldar i løpet av året:

12. februar hadde Syskenringen konsert i Tonstad kyrkje med Lennart Larsson og Caminul Felix

13. mars var det konsert i Tonstad kyrkje med Margunn Risa og Hanne Fodstad  
16. mars framførte Geirr Lystrup og Sirdal Blandakor "Lysmannen" i Tonstad kyrkje  
5. juni blei "Den hemmelige hagen" framført av Sirdal Blandakor, Cantarellene og solistar og musikarar i Sigbjørn K. hagen  
16. juli konsert med Ingrid Berg og Rannveig Helen Lægred i Tonstad kyrkje.  
5. september framførte Sirdal Blandakor og Cantarellene med innleigde musikarar "Misa Popular Salvadoreña"  
10. september hadde Syskenringen song og musikkveld i Tonstad kyrkje med besøk frå Den Skandinaviske Turistkyrkan på Gran Canaria.  
6. november konsert med SalmeKlang, i lag med Kefas og Sirdal Ungdomskor.  
14. november konsert med barnekor frå Sira, Gyland, Feda, Kvinesdal, Fjotland og Sirdal  
21. desember song Sirdal Blandakor jula inn i Tonstad kyrkje  
Ut over dette deltok dei ulike kora på mange gudstenester i året som gjekk.

## C. Undervisning – barn og ungdom

*Mål for perioden:*

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Soknerådet har oppnemnd eit konfirmant og undervisningsutval med særleg ansvar for dette område. Øvre Sirdal ungdomsklubb er litt nede no, men ein vonar at det kan ta seg opp att. Storsamlingane for barn frå 4 -13 år i Kvævemoen kapell, er eit samarbeid mellom det som var barneket Sing Bell og sundagsskulen på Tjørhom. Ein starta opp att i haust med ny frisk satsing  
Kyrkjemøtet vedtok ny plan for trusopplæring i 2009, og den utfordrar oss til å tenke nytt om arbeidet. Konfirmantarbeidet er ein viktig del av ungdomsarbeidet som vi nyttar store ressursar på. Undervisning, og heimesamvær, er sentralt i opplegget. Så lenge vi ikkje har heil kyrkjelydsarbeidarstilling, er det vanskelig å få til meir på ungdomsfronten.

## D. Diakoni og misjon

*Mål for perioden*

- *At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.*
- *Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane*
- *Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd*

### **Misjon/internasjonalt engasjement**

Tonstad kyrkjelyd har sida 90-talet støtta misjonsarbeidet til Det Norske Misjonsselskap i Paris. Særleg arbeidet til Jean Claude Dibundi ved "Håpets senter". Senteret arbeidar blant afrikanske studentar samt innvandrarar med ulik bakgrunn. Dette er eit særskilt viktig arbeid for at desse skal bli bevart i den kristne trua, og nye bli vunnne. Øvre Sirdal støtta eit misjonsprosjekt i Aserbajdsjan, der Normisjon driv eit spennande arbeidet. Det nye soknerådet har valt å vidareføre begge desse prosjekta. Ei misjonsforeining blei starta for nokre år sida for å arbeide for prosjektet i Aserbajdsjan.  
Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del.

### **Diakoni og eldrearbeid**

Vårsongkveld på Tjørhom har kome i staden for dei tradisjonelle eldrefestane. Dette er eit samarbeid mellom diakoniutvalet, Sirdal blandakor og Sirdal trekkspillklubb. Diakoniutvalet har delt ut songbake Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubilantane fekk ein bordkalendar eller blomar.  
Vi har nå fått til ein godt innarbeide tradisjon å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag på Sirdal høvfjellshotell.  
I samarbeid med Flekkefjord blei det arrangert ei tilrettelagt Tro og lys gudsteneste i Tonstad 8. september.

### **Vegkyrkje og open kyrkje**

Det var ikkje nokre opene kyrkjer i år.  
Under Sirdalsdagane var det kafedrift i regi av NMS si misjonsforeining på Tonstad i kapellkjellaren. Dei selde også lodd til basaren deira.

### **Grøn kyrkjelyd**

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere gode forvaltarar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka. Ein har hatt saka til drøfting i soknerådet i året som gjekk for å gi dette arbeidet enda meir innhald.

## E. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan.

I januar hadde dei ansvar for tre felleskristelege bønnesamlingar. 12. februar var det fellesskapskveld i Tonstad kyrkje med Lennart Larsson og representantar frå organisasjonen Caminul Felix frå Romania.

Ein nyskaping i 2009 var Sprell levande samling på Eliastunet 10. mai. 170 store og små var samla. Dette blei vidareført i 2010 med stor suksess. Dette ønskjer ein å bygge vidare på.

2. påskedag i Haughom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntenning på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement.

10. september hadde Syskenringen song og musikkveld i Tonstad kyrkje med besøk frå Den Skandinaviske Turistkyrkan på Gran Canaria.

## F. Informasjonsarbeid

*Mål for perioden:*

- *Vidareutvikle nettstad og Kyrkjesida i Sirdølen*

Dette er eit prioritert område. Både dagleg leiar og kyrkjelydsarbeidar bruker tid til dette arbeidet. Vi meiner framleis at det er teneleg å ha Kyrkjesida i Sirdølen. Den er ein viktig informasjonskanal. Nettstaden har godt besøk. Vi er stolte over den nye nettsida som blei lagt ut 1. oktober 2009. Gjennom den når vi ut til ulike grupper. Avisen Agder hentar notisar til avisa. Ein viktig informasjonskanal er sms-varsling. Dette er mykja nytta i ungdomsarbeidet og konfirmantarbeidet, men kan også med hell nyttast mot vaksne.

## 6. Framtidsutsikter

I arbeidet med budsjett 2011 og økonomiplan 2011-2014 formulert soknerådet desse måla:

### D. Mål for 2011-2014

- Tilrettelegge alle kyrkjene for funksjonshemma
- Kyrkjegardane kan vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der.
- Automatisk ringeanlegg ved Kvævemoen kapell
- Utarbeide lokal plan for trosopplæring i tråd med sentral plan som blei vedtatt på Kyrkjemøte november 2009.
- Lokal diakoniplan – vidareutvikle det diakonale arbeidet i tråd med sentralt vedtatt plan
- Arbeid med gudstenestefornyng i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøte skal vedta april 2011.
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt

### E. Prioriteringar 2011

- Handikaptalett og oppgradering av Kyrkjestova ved Tonstad kyrkje. (kr 500.000)
- Handikaptilgang og toalett ved Kvævemoen kapell (kr 900.000)